



Dag Eivind Hagesæter  
Øvre Kråkenes 66  
5152 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3533 - 18/27756

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.09.2018

## Registrert usikra slamavskiljar - førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 213/4 Eikanger nedre

Lindås kommune viser til vårt skriv datert 09.12.2016 som gjeld usikra slamavskiljar på eigedomen gbnr 213/4 med adresse Nedre Eikanger 21. Kommunen har den 30.08.2018 mottatt melding frå føretaket Norva24 Birkeland om at lokket på slamavskiljaren framleis ikkje var forsvarleg sikra ved gjennomført slamtømming den 28.08.2018.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørgja for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lekk på kum må vera utført i solide material og vera så tett at barn ikkje kan komma igjennom det, samt vera forsynt med forsvarlig lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side.

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det mellom anna følgjande om sikring og istandsetjing:

*«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»*

**Septiktanken må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 01.10.2018**

### Forhandsvarsel om pålegg om sikring og istandsetting:

I samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyresmakta med heimel i pbl § 31-3, vil kunne gjera vedtak om pålegg om sikring av septiktanken ikkje vert utført innan fastsett frist.

### Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt



Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetja tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkomme vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som ein rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på septiktanken må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Biletdokumentasjon som syner at det er montert forsvarleg lokk skal leggjast ved svarskjemaet.

Skjema og bilete sender du til

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid

**Mottakarar:**

Dag Eivind Hagesæter

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES